



Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

Kontakt saksbehandlar
Trond Olav Fiskå, 51568869

Fråsegn - endring reguleringsplan Lyefjell felt 3b, plan 0092.00

Vi viser til oversending frå kommunen datert 20.10.20.

Saka gjeld høyring av forslag til reguleringsendring som inneber utviding av bustadtomt innafor regulert bustadfelt på Lye. Endringa inneber at 257 dekar regulert friområde blir omregulert til bustadføremål slik at tomte får ein total storleik på 1032 dekar.

Intensjonen bak endringane er å tilpasse arealføremålet til den faktiske bruken av areala, vi legg samstundes til grunn at det ikkje er planlagd eller skal gjennomførast konkrete arealendringar/fysiske tiltak. Det renn ein bekk forbi det aktuelle området som dels renn langs naturleg kantvegetasjon og dels langs lødd mur. Vi vil minne om at eventuelle fysiske endringar i bekken eller bekkens kantsoner, er søknadspliktige etter lakse- og innlandsfiskelova med tilhøyrande forskrift om fysiske tiltak i vassdrag og for kantsona etter vassressurslova § 11.

Endringa vil elles medføre at det offentlege friområdet blir mindre. Vi viser i den samanhengen til Rikspolitiske retningsliner for born og planlegging der det under punkt 5, bokstav d står at; «*Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning*». Kommunen må vurdere nøye eventuelt behov for erstatningsareal i lys av dette.

Med helsing

Tina Eltervåg
rådgivar

Trond Olav Fiskå
plankoordinator

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger